

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 26.10.2015
Vår ref.: 2015/11214-4
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:

Svar på ulike spørsmål – fylkesveggar i Kvinnherad

Hordaland fylkeskommune viser til spørsmål frå Kvinnherad kommune, herunder epost frå Sigbjørn Øye av 11.10.15 om fortau Fv 53 Baronivegen, epost frå Øyvind Hardeland (AP) av 23.09.15 om diverse tiltak. Hordaland fylkeskommune kan gi følgjande status, kommentar og svar til dei ulike spørsmåla:

1) Fv 44 Bogsnes – trafikksikring

Jamfør brev frå oss av 24.09.15, ref 2015/613-12. Tiltaket er oppført i Plan- og byggeprogrammet for 2015. Vi har fått munnleg spørsmål frå kommunen om løyvinga fell ut om midlane ikkje blir brukt i år. Hordaland fylkeskommune er innstilt på å løyva beløpet på kr 500.000 opp att når ein er klar til bygging. Vi må få melding frå kommunen om dette på førehand, slik at dette kan gjerast som ei budsjettjustering i 2016.

2) Fv 53 Baronivegen – fortau

Kvinnherad kommune etterlyste den 11.10.15 svar frå fylkeskommunen om løyving til fortau i samband med legging av vassleidning, men arbeidet starta opp «i desse dagar». Det vart referert til eit møte 19.08.15 (meiner sannsynlegvis møtet 19.08.14) at saka var nemnt under «Ymse» - men det går ikkje fram av referatet. Viser elles til våre kommentarar under.

Kommunen søkte i mars 2015 om trafikksikringsmidlar både til dette og åtte andre tiltak, og fekk tilsagn om midlar til to tiltak, men ikkje dette.

Innan programområdet «trafikksikring» i Plan- og byggeprogrammet kunne dette vore eit aktuelt tiltak, men då måtte vi fått dette tiltaket til vurdering seinast sommaren året før. Ut frå dette kunne vi prioritert mot alle andre aktuelle trafikksikringstiltak i Hordaland.

3) Parkeringsplass på snøggått-/ferjekai på Sunde:

I møte den 19.08.14 vart det gjort opning for delfinansiering frå Hordaland fylkeskommune på 0,5 mill kr, men det var då eit krav frå vår side om oppstart og at kommunen sende fakturaen til HFK i løpet av 2014. Så lenge dette ikkje vart gjort, går dette diverre ut.

4) Fv 48 Langåt – etablering av veglys

Vi ser at tiltaket er nemnt i trafikksikringsplanen 2012-20 saman med andre tiltak, men vi kan ikkje finna nokon konkret søknad. Om slik er sendt, ber vi om å få han på nytt.

Vi arbeider for at veglys blir ein del av ny drifts- og vedlikehaldsstrategi. Tidlegare praksis på området har vore at ein har vurdert og gjerne funne ulike løysingar frå sak til sak. Veglys på eksisterande veg blir vurdert som eit trafikksikringstiltak.

5) Borgundøy ferjekai

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak 18.06.2015:

Fylkesutvalet godkjenner at det vert sett i gong ein prosess med sikte på å ta over eigarskap og drift/vedlikehald av dei kommunale ferjekaiane som vert nytta i fylkesferjesambanda. Prosessen må avklara på kva vilkår slik overdraging kan finna stad, og dei økonomiske fylgjene av det.

Sak om dette legges frem for fylkeskommunale politiske organ.

Samferdselsavdelinga vil med det første ta kontakt med Kvinnherad kommune for å drøfta vilkåra for slik overdraging, ref. vedtaket.

Generelle kommentarar om prosessar

Hordaland fylkeskommune ønskjer å presisera at større tiltak på fylkesvegane i utgangspunktet skal meldast inn via planprosessane. Mindre tiltak innan programområda (trafikksikring, gang- og sykkelveg, kollektivtiltak mv), vert å melda gjennom formelle møte eller søknader til t.d. trafikksikringsmidlar. Ut frå dette kan fylkeskommunen i samråd med Statens vegvesen prioritera ut frå overordna og heilskaplege prinsipp innafor gitte rammer. Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Kvinnherad kommune har dei siste åra hatt fleire møte (herunder fellesmøte 19.08.14 og 04.03.15). Her har kommunen tatt opp mange tiltak, og det er for oss vanskeleg å forhalda oss til tiltaka utan nærare omtale av prosjekta og ei klar prioritering frå kommunen si side. Prioriteringa må enten vera tydeleg i møtet og møtereferatet, eller må vi få ein formell søknad frå kommunen om støtte til dei aktuelle tiltaka.

Rammene til dei ulike fylkesvegtiltaka er langt mindre enn behova for heile fylket, og det blir dermed mange gode tiltak som ikkje når opp, eller må venta til framtidige år. Når det gjeld munnlege innspel eller uformelle epostar, kan det bli vanskeleg for oss å forstå kva tiltak kommunen eigentleg prioriterer.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Statens vegvesen Region vest